



Møtereferat

Gruppe/tema: T2 – Kultur og idrett
Møtestad: Gomerhuset Skodje
Dato: 25. mai 2018
Tid: 08.30-10.30
Møteleiar: Oskar Skulstad

Deltakarar:	Kommune:
	Nye Ålesund
Per Langnes	Haram kommune
Anita Øen (Forfall)	Sandøy kommune
Magne Fylling	Skodje kommune
Åse Karin Gjære	Ørskog kommune
Oskar Skulstad	Ålesund kommune
	andre

Saksliste:

1. **Utarbeide kriterier for valg av biblioteksystem. Utnevne gruppe som skal velge system ut fra gitte kriterier.**
2. **Velge dato og tidspunkt for slutføring av første del av prosjektet.**
3. **Div.**

Referat og konklusjonar:

Per Langnes vart bedt om å skrive referat frå møtet.

Oskar Skulstad måtte gå frå møtet kl. 09.30, medan resten av møtedeltakarane fortsatte fram til kl. 10.30.

Sak 4/18: Diverse

Tilskuddsportalen

Nye Ålesund har fått eit tilbod om å abonnere på Tilskuddsportalen til ein samla kostnad på kr 150.000. Haram kommune og Skodje kommune er med frå før. Prosjektgruppe T2 tilrår at nye Ålesund i fellesskap abonnerer på Tilskuddsportalen. Ser ut til å kunne vere ein føresetnad at nye Ålesund dekkjer kostnadane.



NOKU. Norsk kulturforum

Nye Ålesund bør vere med i kulturforumet, og at ein opprettar eit lokalt styre. Ein har i dag ei lokal foreining, men den er ikkje aktiv. Ålesund kommune er medlem i dag. Det er landskonferanse i neste veke med tema kommunesamanslåing der fleire frå Ålesund vil delta.

Sak 5/18: Dato og tidspunkt for slutføring av første del av prosjektet.

Neste møte vert tysdag 19.06.18, 09.00-15.00, på Ørskog rådhus. Bibliotekgruppa vert invitert til første del av møtet.

Sak 6/18: Kriterier for val av biblioteksystem mv.

Bibliotekgruppa må få i oppdrag å kartlegge nærare ressursar, lokale, aktivitetar, avtalar mv. Kva avtalar må avstast, kva må inngåast. Vidare kome med forslag til korleis biblioteket bør fungere i den nye kommunen. Arbeidet med kriterier for val av biblioteksystem, samt mandat for bibliotek gruppa vart starta opp. Dokumenta er lagt inn i portalen. Bibliotekgruppa vert invitert til å delta i starten av neste møte med tanke på ferdigstilling av kriterier og mandat.

Per Langnes
Referent